



Tilleggsinnkalling  
av  
Plan- og miljøutvalet - styringsgrupper

**Møtedato:** 24.04.2019  
**Møtestad:** Nordhordlandshallen  
**Møtetid:** 09.00 –

Eventuelle forfall må meldast til epost [Folkevalde@lindas.kommune.no](mailto:Folkevalde@lindas.kommune.no)  
Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

### Sakliste

1. Gjennomgang planprogrammene for KDP KAA og KPA; kort status for hvert plantema.
2. Info om omsynssone Indre Farlei, omsynssone den Trondhjemske postveg og omsynssone KDP E 39.
3. Orientering om tilbakemelding frå nasjonale og regionale mynde til Radøy sin kommuneplan.
4. Innspel frå politiske parti – tilsendt innan fristen.
5. Innspel til KU frå styringsgruppa.
6. Behov for styringsgruppemøte før handsaming av planforslaga.

23. april 2019

Ståle Juvik Hauge  
møteleiar

Møtesekretær

NOTAT sendt til utvalet – 12.04.2019

## Innspel frå dei politiske partia

---

Til politisk styringsgruppe – møte 24. april 2019.

Administrasjonen sendte ut ein invitasjon til gruppeleiarane i kommunestyret om å gje arealinnspele til dei to planane. Invitasjonen vart sendt ut etter avtale med politisk styringsgruppe. Det er kome inn to innspel.

## 1. Innspel frå gruppeleiar i Lindås Høgre, Karl Vågstøl.

Ber om ny politisk handsaming av innspel frå LNF til bustad, gbnr. 134/4. Grunneigar Oddbjørn Haukøy og Håvard Dale. Innspel nr. 22 i dokumentet «Grovsling av innspel til kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen» som vart handsama i PMU styringsgruppemøte 12.09.18.

## 2. Innspel frå gruppeleiar i Lindås Arbeiderparti, Nina Bognøy.

Innspelet gjeld areal i tilknytning i verksemda Gabben Bensinstasjon gbnr. 137/291 i Alversund, der eigar ønskjer å utvida området dei allereie har med utviding mot sør-sørvest til næring. Det ønskte området er i dag avsett til grøntareal.

Det ønskte området er avgrensa av vegen som går inn i området nedanfor skulen i Alversund og mot eigedomane nedanfor bensinstasjonen.

### Handsaming av innspel gbnr. 134/4 så langt i planprosessen

Administrasjonen tilrådde å ikkje endra fra LNF til bustad mm. Innspelet vart handsama i fleire styringsgruppemøte, det var politisk ønskje å ta med innspelet vidare til konsekvensutgreiing i møte 05.12.2018. Innspelet vart presentert i Regionalt planforum 11.12.2018, statlege/regionale mynde tilrådde å ikkje ta med innspelet. Med bakgrunn i desse signala tok politisk styringsgruppe ut innspelet i møtet 12.12.2018.

Tabellen under viser omtalen av innspelet i grovsilinga.

Gbnr.	Namn på innsendar	Om innspelet	Tilråding
134/4	Oddbjørn Haukøy og Håvard Dale	LNF til bustad m.m(småbåthavn, kaianlegg, molo, aktivitets arenaer, restauranter, bolig og Hotell med dypvannskai etc.)	Det er ikkje behov for stort nytt bustadareal i området. Ikkje i tråd med samordna areal og transport. Største delen av eigedomen ligg svært eksponert og i funksjonell strandsone. Administrasjonen vil ikkje tilrå endring frå LNF til bustad m.m.